



Bent Myhre
Marumvn 80
3231 SANDEFJORD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2800 - 16/29816

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammer
kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:
26.10.2016

Søknad om konsesjon - gbnr 68/8 Bruknapp

Det vert synt til søknad motteke 2.september 2016.

Saka gjeld:

Bent Myhre søker konsesjon for kjøp av 32,8 dekar utmark fordelt på to teigar, gbnr 68/8 Bruknapp i Lindås kommune. Teigane er ubebygd og søker eig ikkje anna eigedom i kommunen.

Dokument i saka :

Søknad om konsesjon

Lovverk :

Saka skal handsamast etter konsesjonlova då eigedomen er ubebygd, ligg i eit uregulert område og er over 2 dekar stort.

Eigedomen :

Gbnr 68/8 er ifølgje Nibio sitt gardskart totalt 32,7 dekar stor. Den eine teigen er ca 3 dekar stor og består i stor grad av skogsmark i super bonitet. Den største teigen på i underkant av 30 dekar og består i stor grad av skrin fastmark. Den største teigen grensa mot sjø med ei 75-80 meter lang strandlinje. Terrenget skrår bratt ned mot sjøen.

Området har planstatus LNF.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733





Vurdering:

Konsesjonslova har til føremål å regulera og kontrollra omsetjinga av fast eiendom for å oppnå eit effektivt vern om landbruket sine produksjonsareal og slike eigar- og bruksforhold som er mest gagnlege for samfunnet, m.a. for å tilgodesjå framtidige generasjoners behov, landbruksnæringa, behovet for utbyggingsgrunn, omsynet til miljøet, allmenne naturvern- og friluftssinteresser og omsynet til busetting. Det omsøkte arealet har liten eller ingen verdi for landbruket i området. Ingen av eigedomane som grensar til den omsøkte eigedomane er landbrukseigedomar. Ingen av dei andre interessene som konsesjonslova skal ivareta vert heller ikkje råka ved eigedomsoverdraginga.

Konklusjon:

Søklar Bent Myhre får konsesjon for kjøp av av eigedomane gbnr 68/8 Bruknapp .

Vedtak :

Bent Myhre får konsesjon for kjøp av gbnr 68/8 Bruknapp i Lindås kommune. Vedtaket har heimel i § 1 i konsesjonslova.

Gebyr :

Det vert sendt eit sakshandsamingsgebyr på kr 2000,- til søklar.

Klagerett :

Vedtaket kan påklagast jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen sendast kommunen som vurderer om klagen vert teke til følgje. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følgje skal den sendast vidare til fylkesmannen med ein uttale. Fylkesmannen fattar endeleg vedtak i klagesaka.

Med helsing

Kjartan Nyhammar
landbrukssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bent Myhre

Marumvn 80

3231

SANDEFJORD